

Til  
Adm.dir. Herlof Nilssen ,  
Helse Vest ,  
Postboks 303 , Forus ,  
4066 Stavanger.

**Ref tidlegare møter vedrørande modell for fastsettjing av inntekter 2005 .**

Styret i Helse Fonna har diskutert føresetnadene for inntekter for 2005 og har følgjande kommentarer og forslag :

Styringsdokumentet for 2004 gav ei målsetjing om budsjettballanse seinast i 2005 .

Nærare om krava i styringsdokumentet frå eigar ved starten av 2004 kan reknast opp i følgjande hovudpunkt :

1. Krav om ein to års plan for å koma i budsjettballanse ut 2005 , det såkalla **ballansekravet**.
2. Krav om at tiltaka som vert sette i verk skal resultere i effektivisering gjennom å kutte kostnader .
3. Krav om at produksjonen skal haldast på same nivå som fjoråret (2003)
4. Ventelistene skal reduserast .

Helse Fonna har lagt til rette planar og tiltak som gjer det mogeleg å realisera desse måla. Tiltaka som var nødvendige omfattar innsparingar på 120 millioner kroner over ein periode på to år . Helse Fonna ser ut til å møte milepælane etter det første året og har difor dei beste føresetnadene for å klara ballansekravet i 2005 .

Ved å endra føresetnadene som vart lagt til grunn for denne 2 års planen etter eitt år vil respekten for desse styringskrava verta redusert og sannsynlegheita for å nå gode resultater vil tilsvarande verta redusert .

Styret i Helse Fonna rår til at føresetnadene som me har lagt til grunn for denne 2 års perioden vert oppretthalde . Det vil medføra at modellen for inntekter i 2004 vert justert med inflasjon (3,4%)

Helse Fonna vil presisera at Valen pasientane har Helse Fonna behandla for Helse Bergen sidan helsefortaka blei oppretta. Helse Fonna har finansiert desse pasientane og Helse Bergen har fått rammetilskottet for desse. Helse Fonna kan ikkje akseptera at kompensasjonen på 37 mill går inn i ballansekravet. Det er såleis ein føresetnad at desse midla vert overført for seg.

Det er oppfatninga til styret i Helse Fonna at denne føresetnaden vil gje dei beste resultata for 2005 og sikre balansekravet i forhold til kravet i styringsdokumentet og utsegn frå Helseminister Anskar Gabrielsen på pressekonferanse den 11.01.05

Dersom vårt primære ønskje ikkje kan følgjast vil me be om at nedanfor nemnde tiltak vert iverksette :

- a) Ei arbeidsgruppe av personar frå Helse Vest , Helse Fonna og eventuelt andre helseforetak vert sett ned . Dei skal innan 21.1.05 reinsa tilskottet til pasientstraumar for vanlege pasientar som får full dekning av kostnadene i DRG systemet .
- b) Me vert samstundes einige om kva som er å sjå på som høgspesialiserte tenester og deler , for budsjettprosessen 2005 , desse i to grupper : Dei som har ei tilfredsstillande dekning av kostnadene gjennom DRG systemet og dei som er urimeleg underfinansierte gjennom DRG systemet .
- c) Desse resultata legg så grunnlaget for kompensasjonane for pasientflyt som går ut over DRG dekning i henhold til kriteriet – ”DRG kompensasjonen er urimeleg låg”.
- d) Bergenspasientane på Valen vert kompenserte med 37 millionar kroner i 2005 .
- e) Helse Fonna vil ha ein gjennomgang og påfølgjande justering , jf. punkt b) , av kriteria for skjønn som skal leggast til grunn for B1 og B2
- f) Det vert umiddelbart sett ned ei arbeidsgruppe som skal utarbeida inntektsmodell for 2006 . Frist for å sluttføre dette arbeidet vert sett til 1.7.2005 slik at helseforetaka får et halvt år på å gjere nødvendige tilpassingar .

Helse Fonna føreset at me kan koma til semje om desse punkta i god tid før neste ordførermøte som er den 27.1.05 .

Med venleg helsing

Geir Worum  
Styreleiar Helse Fonna

Kopi: Styreleiar i Helse Vest , Mai Vik